



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune –
Samferdsleavdelinga
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlende eining:
Region vest

Saksbehandlar/telefon:
Eivind Yttri / 57655799

Vår referanse:
18/98680–8

Dykkar referanse:

Vår dato:
11.03.2019

IKKE OFFENTLIG, offentleglova § 23, 1. ledd

Vurdering rundt spørsmål om tidlegare opning av vinterstengte vegar

Luster kommune og Gaular kommune stiller spørsmål om tidlegare opning av vinterstengte Gaularfjell og Sognefjellet. Gaularfjellet primært om tidlegare opning av deler av fjellet, Sognefjellet om opning til påske av heile fjellet. Vinterstenging av desse to fjella er omtala i DK1402, D2-ID9400d, og tidlegare opning i 94.211 og 94.212. Det var gjort ei endring i kontrakt 2016–2021 frå opningstidspunkt innan 1. mai til 2. mai kl.0800. Dette har ikkje vore teke opp med kommunane og dei forventar framleis opning innan 1. mai. I 2017 og 2018 vart det jobba mot 1. mai, men tilpassa skredproblematikk på Gaularfjellet og vêrtilhøve på Sognefjellet.

Gaularfjellet

I driftskontrakten står det at vegen opnast opp på begge sider av fjellet til påske, opp til gamle brøytestasjon på Gaularsida og opp til Bårdalsstølen på Balestrandsida. Heile fjellet skal opnast til 2. mai kl.0800. Det er no stilt spørsmål frå ordføraren i Gaular om det er muleg å få opne opp til Tverrlia på Gaularsida, grunna lite snø. Tverrlia var tidlegare opningspunktet til påske, men det vart for nokre år sidan flytta opp til gamle brøytestasjon. Det er 2,5 km frå dagens stengepunkt og opp til Tverrlia. Og så er det ytterlegare 2,5 km frå Tverrlia opp til gamle brøytestasjon som er opningspunkt til påske. Hovudgrunn til spørsmålet om tidlegare opning er at det ikkje er skikkeleg skiføre frå dagens stengepunkt. Ei opning til Tverrlia vil bli gjort med spissplog, det vil ikkje vere bruk for anna tyngre utstyr som fres. Dette vil medføre ein ekstrakostnad Det er gjort eit kostnadsoverslag på 70.000,- som inkluderer opningsutgifter, ekstra beredskap fram til påske og noko brøyting i perioden frå tidleg neste veke og til påske. Dersom det blir mykje snø og vind i perioden, vil brøytekostnaden auke, eller vegen må stengast igjen. Det er også sett på kostnad med å brøyte heilt opp til gamle brøytestasjon no. Det er kostnadsrekna til 200.000,- totalkostnad, på same grunnlag.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vegvesenet tilrår å brøyte opp til Tverrlia, og om det blir konklusjon bør det takast avgjerd raskt. Grunnlaget for tilrådinga er tidlegare praksis med å leggje til rette for skiutfart, omdøme, at det er berre 1 meter snødjupne oppe ved gamle brøytetasjon og i tråd med ønskje frå Gaular kommune. Dersom det kjem tyngre snøkast så må vi vurdere å stenge vegen igjen, då vil det bli lett tilgang til skiføre og noko av argumentasjon for å opne lenger opp, vil vere vekke.

Sognefjellet

I driftskontrakten står det at vegen opnast opp til Huldrehaugen til påske. Det er 9 km frå Huldrehaugen og inn til fylkesgrensa. Fjellet skal opnast innan 2. mai kl.0800. Ordføraren i Luster har kontakta fylkeskommunen med spørsmål om opning av fjellet til påske, grunngjeve med sein påske, lite snø og stor betydning for reiselivet.

I og med at påsken er så sein, så må entreprenøren uansett starte arbeidet med opning av fjellet litt før påske, for å vere klar til 2. mai. Det har vore kontakt med Statens vegvesen i Oppland som har ansvar for fjellet opp til fylkesgrensa på andre sida. Dei er positive til opning til påske og skal avklare dette med Oppland fylkeskommune fredag 8. mars. For Sogn og Fjordane sin del av fjellet er det kostnadsrekna til opp i mot 200.000,- å opne fjellet til fredag 12. april. Det inkluderer opning, beredskap og drift i den ekstra perioden. Oppland treng 3 veker for å opne sin del av fjellet, noko kortare tid på Sognesida. Vi treng derfor ei avklaring i løpet av neste veke for å ha utstyr på plass og sette i gang opning dersom fjellet skal vere opent til 12. april.

Vegvesenet tilrår at fjellet blir opna til påske, men her også vil vêret styre om det er tilrådeleg å holde det opent frå påske og utover.

Felles for begge fjella, så kom det noko snø i slutten av førre veke. Vidare utover er det meldt stabilt kaldt. Vi har rådført oss med geolog. På Sognesida av Sognefjellet er det ikkje skredfare. På Gaularfjellet er det nokre skredpunkt langt vatnet og ned frå Utsikten, men det er ikkje på den delen som det no er aktuelt å opne.

Det har so langt i år vore ein forholdsvis snill vinter, ut frå dette vil kostnadane nemnt ovanfor ikkje få vesentleg konsekvens for anna arbeid i driftskontrakten.

Med helsing

Eivind Yttri
Seksjonsleiar, vegseksjon Sogn

Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.